Fyresdal kommune

Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Roan, Næringshagen
Dato: 14.10.2026
Tid: 08:30 - 14:00

Fylgjande medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Erik Skjervagen	Ordførar	AP
Elise Lauvrak	Nestleiar	AP
Rita Tuften Metveit	Medlem	AP
Kjell Sverre Thoresen	Medlem	SP
Anders Bergsland	Medlem	SP

Fylgjande medlemmer møtte ikkje:

Namn	Funksjon	Representerer

Fylgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer

Fylgjande frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ulf Pedersen	kommunedirektør
Kjersti Bergland	økonomi- og stabssjef
Charles La	kommunalsjef helse og omsorg
Lars Erik Storm Loraas	kommunalsjef kultur og oppvekst
Halvor Homme	kommunalsjef plan og teknikk
Gerd Straume	næringssjef

Merknader til møteboka:

Godkjenning av protokoll:

Erik Skjervagen
ordførar

utvalssekretær

Kommunedirektøren si godkjenning, jfr. saksbehandlingsrutiner pkt.11.0:

Ulf Pedersen
Kommunedirektør

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka møte(X)
PS 53/26	Godkjenning av møteprotokoll frå føre møte	
PS 54/26	Referatsaker	
RS 26/26	Orientering frå administrasjonen	
RS 27/26	Økonomigjennomgang	
PS 55/26	Økonomirapportering finans pr. 01.09.2026	
PS 56/26	Økonomirapportering pr. 01.09.2026 - stab og økonomi	
PS 57/26	Høyring - innspel til justering av kostnadsfordelingsmodell for VETAKS IKS	
PS 58/26	Fyresdal Friluftsbad - framdrift	

PS 53/26 Godkjenning av møteprotokoll frå føre møte

Behandling i Formannskapet - 14.10.2026

Samrøystes for godkjenning av møteprotokoll frå førre møte.

Vedtak i Formannskapet - 14.10.2026

Møteprotokollen frå førre møte er samrøystes godkjent.

PS 54/26 Referatsaker

Behandling i Formannskapet - 14.10.2026

Orientering frå administrasjonen:
* Status på utbyggingsprosjektet til Fossefall AS.
* Drøftingar rundt budsjettarbeidet for 2027

Orientering frå Allstad v/ Kjell Roar Kaasa vedrørande prosjekt om bygging av omsorgsbustader.

Møte vart lukka jfr. Forvaltningsloven § 13 under orientering om personalsituasjonen i administrasjonen.

Vedtak i Formannskapet - 14.10.2026

PS 55/26 Økonomirapportering finans pr. 01.09.2026

Innstilling frå kommunedirektøren:

Ekstrainntekter frå sal av konsesjonskraft, skatteinntekter og utbytte frå selskap på 92 millionar avsettast til disposisjonsfond.

Behandling i Formannskapet - 14.10.2026

Samrøystes i samsvar med innstillnga frå kommunedirektøren.

Vedtak i Formannskapet - 14.10.2026

Ekstrainntekter frå sal av konsesjonskraft, skatteinntekter og utbytte frå selskap på 92 millionar avsettast til disposisjonsfond.

PS 56/26 Økonomirapportering pr. 01.09.2026 - stab og økonomi

Innstilling frå kommunedirektøren:

Den økonomiske stoda pr. 01.09. for stab og økonomi takast til vitande.
Ber om at det tilførast ein million med dekkning frå disposisjonsfondet, jfr. K-sak 18/26.

Behandling i Formannskapet - 14.10.2026

Samrøystes i samsvar med innstillnga frå kommunedirektøren.

Vedtak i Formannskapet - 14.10.2026

Den økonomiske stoda pr. 01.09. for stab og økonomi takast til vitande.
Ber om at det tilførast ein million med dekkning frå disposisjonsfondet, jfr. K-sak 18/26.

PS 57/26 Høyring - innspel til justering av kostnadsfordelingsmodell for VETAKS IKS

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune tilrår modell 2 som grunnlag for kostnadsfordeling gjeldande frå 2027.

Behandling i Formannskapet - 14.10.2026

Forslag frå Kjell Sverre Thoresen (FSP)
Vidareføring av dagens modell, modell 8.

Samrøystes i samsvar med framlegget frå Kjell Sverre Thoresen.

Vedtak i Formannskapet - 14.10.2026

Vidareføring av dagens modell, modell 8.

PS 58/26 Fyresdal Friluftsbad - framdrift

Innstilling frå kommunedirektøren:

1. Formannskapet tek forstudien for Fyresdal friluftsbad til orientering.
2. Forprosjektet blir vidareført som ei trinnvis utvikling, med mål om etablering av éi badstoge med trygg tilgang til vatnet som første byggetrinn.
3. Forprosjektet skal jobbe vidare med og samanlikne løysingar for badstoge på land og på vatn, med særleg omsyn til variasjonen i vassstanden på inntil om lag 4,5 meter, kostnader, tryggleik og drift.
4. Badstoge, garderobe, opphaldsareal og tilkomst skal så langt som mogleg vere universelt utforma. Tilgang til sjølve vatnet skal søkjast løyst universelt, men må vurderast opp mot teknisk gjennomførbarheit, tryggleik og kostnad.

5. Første byggetrinn skal planleggjast slik at det så langt som mogleg legg til rette for seinare utviding av friluftsbadet.
6. Det kan nyttast inntil kr 350 000,- til nødvendig utgreiing og prosjektering fram mot eit konkret konsept, kostnadsoverslag og finansieringsplan.
7. Framlegg til endeleg løysing på konsept, drift og finansiering blir lagt fram for politisk behandling før eventuell gjennomføring.

Behandling i Formannskapet - 14.10.2026

Utsettelsesforslag frå Erik Skjervagen (FAP):
Utsette saka då det er mange prosjekt som må gjennomførast og som har høgare prioritet.

Avstemming om utsettelseforslag:
FOR
Fyresdal Arbeiderparti (2/3)
Fyresdal Senterparti (2/2)

MOT
Fyresdal Arbeiderparti (1/3)
- Rita Tuften Metveit

Vedtak i Formannskapet - 14.10.2026

Utsette saka då det er mange prosjekt som må gjennomførast og som har høgare prioritet.